

Jon Epland og Oddbjørn Haugen

**Panelutvalet til inntekts- og
formuesundersøkinga 1996-2001**
Dokumentasjon

Innhald

Panelutvalet til inntekts- og formuesundersøkinga 1996-2001. Dokumentasjon.....	3
1. Innleiing	3
2. Utviklinga av panelet (1996-2001).....	4
3. Oppbygging av panelet.....	5
4. Datakvalitet	7
5. Paneldata i statistikkproduksjonen	10
6. Utviklinga vidare.....	11
7. Referansar.....	12

Vedlegg

A. Oversikt over variablar i inntektspanelet 1996-2001.....	13
B. Påkobling av variable fra IPF, SA og FoB2001	21
C. Etablering av hushald panelårgang 2000.....	23
De sist utgitte publikasjonene i serien Notater	24

Panelutvalet til inntekts- og formuesundersøkinga 1996-2001.

Dokumentasjon

1. Innleiing

Formålet med notatet er å gjera nærare greie for oppbygginga av panelutvalet som inngår i den årlege inntekts- og formuesundersøkinga for hushald. Dette notatet dokumenterer korleis datagrunnlaget er tilrettelagt. Særskilt er metoden som er brukt for imputering av hushald basert på registeropplysningar og utrekninga av vektor skildra her. I tillegg ser vi nærare på kvaliteten på dei estimata som panelet gjev, ved å samanlikna med annan tilgjengeleg statistikk. Vi viser også døme på analyser der ein har nytta paneldata, og peiker og på andre områder der det kan vera interessant å nytta paneldata for å studera til dømes mobilitet og endring.

Historikk

I samband med Levekårsundersøkinga 1980 vart det etablert eit panel av om lag 2 500 individ (Intervjuobjekt) som skulle inngå også i seinare rundar av Levekårsundersøkinga. Levekårsundersøkinga vart den gong gjennomført kvart tredje eller fjerde år, slik at neste undersøking vart gjort i 1983, og deretter i 1987. Dei hushalda som var med i Levekårsundersøkinga var også del av datagrunnlaget til Inntekts- og formuesundersøkinga. Sidan inntektsopplysningane relaterer seg til inntektsåret før sjølve intervjuet til Levekårsundersøkinga, førte dette til at panelet inngjekk som del av Inntekts- og formuesundersøkinga 1979, 1982 og 1986.

På grunn av sterke ønskjer om å få årlege inntektsdata, vart Inntekts- og formuesundersøkinga gjennomført som årlege undersøkingar frå og med inntektsåret 1984. Dette førte igjen til at Inntekts- og formuesundersøkinga "overtok" det gamle panelet frå Levekårsundersøkinga frå og med 1986, og har sidan inkludert dette panelet i datagrunnlaget kvart år frametter.

I samband med at ein i 1997 introduserte såkalla "temaroterande" levekårsundersøkingar, vart det etablert eit nytt panel, denne gong på 5 000 intervjuobjekt. Også denne gongen vart utvalet til Levekårsundersøkinga inkludert som del av datagrunnlaget til Inntektsundersøkinga (1996). Dette førte til at ein frå og med Inntekts- og formuesundersøkinga for 1996 hadde to panelutval (både "gammalt" og "nytt" levekårspanel) som til saman omfatta om lag 7 500 intervjuobjekt i alderen 16 til 79 år, med tilhøyrande hushaldsmedlemmer. I tillegg har ein trekt ut eit særutval av gamle, det vil seia personar eldre enn 79 år, slik at paneldatasettet no vart representativt for heile populasjonen. I skrivande stund ligg det føre seks årgangar av dette samanslåtte panelet (1996 - 2001). Det er dette datagrunnlaget som blir nærare omtalt i dette notatet.

Kvifor paneldata?

I løpet av 1980 og 1990-åra var det etablert inntektspanel i ei rekkje land i Europa, til dømes i (Vest-) Tyskland, Storbritannia, Nederland, Belgia og Luxembourg. Det var likevel USA som var først ute med eigne panelutval for å studera inntektsdynamikk. *Panel Study of Income Dynamics* (PSID) vart til dømes starta opp allereie i 1968, der eit utval på omlag 5000 familiar har blitt fylgt heilt fram til i dag. Eit anna velkjent paneldatasett er *European Community Household Panel* (ECHP), som Eurostat etablerte i alle dei 12 landa som var med i EU i 1993. Dette panelet vart likevel avslutta i 2002.

Ein av fordelane med paneldata er at ein betre kan få fram endringar på individnivå enn i tradisjonelle tverrsnittsundersøkingar. Det er til dømes av interesse å få vita om det er dei same individa som plasserer seg i botn av inntektsfordelinga år etter år, eller om det finn stad utskiftingar i denne gruppa.

Paneldata kan i tillegg nyttast til forløpsanalysar, det vil seia kva ulike "hendingar" har å seia for til dømes hushaldsøkonomien. Døme på slike hendingar kan vera giftemål (sambuarskap) og skilsmisser, barnefødsler, pensjonering, arbeidsløyse eller overgang frå studiar til arbeid. Paneldata gjer det også

mogeleg å skilja mellom eigenskapar som er uendra over tid og eigenskapar som er avhengige av måletidspunktet. I reine tverrsnittsdata er det ikkje alltid mogeleg å skilja slike meir konjunkturavhengige komponentar frå dei som skuldast eigenskapane ved individa i utvalet.

Men panelutval er også på mange måtar meir problematisk å handtera enn vanlege tverrsnittsundersøkingar. Eit av dei største problema er fråfall, det vil seia det at intervjuobjekta av ulike grunnar ikkje lengre deltek i undersøkinga. I verste fall kan dette føra til at heile panelet utviklar seg på ein slik måte at det ikkje lengre har eigenskapar som er representativt for populasjonen. I verste fall kan dette føra til at ein må gje opp heile panelutvalet.¹ I tillegg vert det rekna for meir ressurskrevjande å handsama panelutval, enn tverrsnittsutval. Mellom anna kan det bli vanskeleg å fanga opp intervjuobjekt som flyttar, og mykje tid går med til å "lappa" på data som på grunn av partielt fråfall (det at respondenten ikkje svarar på einskilte spørsmål) manglar for einskilte årgangar.

Desse ulempene er likevel i mindre grad relevante for det panelet som blir omtalt i dette notatet. På grunn av tilgang til gode registerdata, vil det ikkje vera fråfall for viktige variable som til dømes inntekt eller utdanning. Registerdata vert også nytta til å imputera manglande hushaldsdata, slik at dette ikkje fører til fråfall i utvalet. Denne imputeringa er nærare omtalt i kapittel 3.

2. Utviklinga av panelet (1996-2001)

Utgangspunktet for panelet er alle intervjuobjekta i Inntekts- og formuesundersøkinga 1996 (IF96) som var ein del av det gamle eller det nye levekårspanelet. I tillegg til å slå saman desse to panelutvala vart det trekt eit suppleringsutval av personar over 79 år. Nye vektorer, basert på inverse trekkesannsyn og kalibrert mot aldersamansetjinga i heile befolkninga, vart så rekna ut for kvar årgang.

Vedlikehaldet av panelet blir gjort i samband med etableringa av Inntekts- og formuesundersøkinga kvart år og består i å trekkja eit tilleggsutval av 16-åringar og av innvandrarar. Døde og utvandra blir fjerna frå panelet.

Tabell 2.1 viser talet på intervjuobjekt (som svarer til talet på hushald) som er med i panelet kvart år frå 1996 fram til 2001. Av totalt 7 711 intervjuobjekt i 1996 var det 89 % eller 6 868 som var med alle seks åra fram til 2001. I treårsperioden 1996-1999 var det 7 214 intervjuobjekt og i treårsperioden 1999-2001 var det 7 400 intervjuobjekt som var med alle åra.

¹ Dette var tilfelle med det opphavlege utvalet til ECHP både i Storbritannia, Luxembourg og Tyskland. Konsekvensen vart her at ein i staden tok i bruk allereie eksisterande nasjonale panelutval og tilpassa desse til strukturen i ECHP (Eurostat 2003)

Tabell 2.1. Intervjuobjekt (IO) i inntektspanelet. 1996-2001. Tal og prosent.

Startår	IO som er med alle år fram til:					
	1996	1997	1998	1999	2000	2001
1996	7711	7444	7268	7072	6958	6868
1997		7605	7414	7214	7096	7003
1998			7702	7470	7340	7239
1999				7672	7503	7400
2000					7742	7630
2001						7873
	1996	1997	1998	1999	2000	2001
1996	100 %	97 %	94 %	92 %	90 %	89 %
1997		100 %	97 %	95 %	93 %	92 %
1998			100 %	97 %	95 %	94 %
1999				100 %	98 %	96 %
2000					100 %	99 %
2001						100 %

3. Oppbygging av panelet

Metode for identifisering av hushald

I statistikk om økonomiske levekår er det hushaldet som er den sentrale analyseeininga. Hushaldet i levekårs- og inntektsstatistikken er definert som eit kosthushald: det omfattar alle personar som bur saman og som har felles matbudsjett. Dette *faktiske* hushaldet vil ikkje alltid vera identisk med det hushaldet som finst på den adressa ein person er folkeregistrert. Dette sistnemnde *formelle* hushaldet basert på folkeregistret adresse er derimot det som blir brukt som analyseeining i Folketeljningane. Noko komplett statistisk register eller populasjon over alle hushald i Noreg (formelle eller faktiske) er enno ikkje tilgjengeleg. Sidan utvala i inntektsstatistikken vert samla inn frå ulike kjelder, blir også identifiseringa av hushald i panelet gjort på ulike måtar: gjennom intervju, ved hjelp av administrative register eller ved å bruka opplysningane frå Folke- og bustadteljinga i 2001.

Intervju

I utgangspunktet skal alle personar som blir trekt ut til å inngå i dei samordna levekårsundersøkingane (inkludert det "nye" levekårspanelet) bli intervjuet om kven dei faktisk lever saman med (kosthushald). Dette blir gjennomført av intervjuseksjonen i Statistisk sentralbyrå med bruk av dataassistert telefonintervju (CATI) og besøksintervju.

Register

I inntektsstatistikken har me valt å bruka heile bruttoutvala, det vil seia både dei som har svart (netto-utvalet) og dei som ikkje har svart (fråfallet) på intervjuet i dei samordna levekårsundersøkingane. Fråfallsprosenten i dette bruttoutvalet er omlag 30%. Hushaldsamansetjinga blant dei som ikkje er intervjuet vert imputert ved hjelp av opplysningar i familiestatistikken og ved å bruka den formelle, folkeregistrerte adressa frå befolkningsstatistikksystemet (BESYS). For dei fleste hushalda vil familie og hushald vera identiske, men for enkelte hushaldstypar vil dette kunna gje feil identifisering av hushald. Spesielt vil mange unge einpersonhushald og sambuarar utan felles barn hamna i feil hushald dersom det faktiske hushaldet blir erstatta med familien. For eldre menneske, som oftast anten lever som ektepar eller åleine, vil derimot denne metoden vera tilnærma like bra som eit intervju. Denne metoden er også teken i bruk for tilleggsutvala av eldre og for IF-panelet frå 2000 og framover etter at dette panelet ikkje lenger blir intervjuet.

Folke- og bustadteljinga 2001

I 2001 vart det gjennomført ei teljing av alle norske bustader gjennom Folke- og bustadteljinga 2001 (FoB2001). Basert på skjema sendt i posten til alle adresser vart alle folkeregistrerte personar plasserte i bustader/hushald innunder den formelle adresse deira i folkeregisteret. Denne kjelda skal difor vera betre enn imputering frå register basert på familie, men det vil bli systematisk feil når det er avvik mellom det faktiske og det formelle hushaldet. Spesielt tyder dette at mange studentar vil bli plasserte som vaksne barn i foreldrehushaldet, og ikkje i einpersonhushald eller som sambuande utan barn som dei i mange tilfelle faktisk er. FoB2001 er brukt som erstatning for å imputera frå register for 2001-årgangen av det "gamle" panelet. For 2000-årgangen vart ein kombinasjon av FoB2001 og imputering frå register brukt for den delen av utvalet som ikkje var intervjua.

Bruken av dei ulike metodane for å identifisera hushalda i inntektspanelet 1996-2001 er oppsummert i tabell 2.2.

Tabell 2.2. Metode for identifisering av hushald i inntektspanelet 1996-2001.

Delutval ¹	1996	1997	1998	1999	2000	2001	Tal hushald 2001
IFP 16-79	Intervju	Intervju	Intervju	Intervju	Register/FoB	FoB	2440
IFP 80+	Intervju	Register	Register	Register	Register/FoB	FoB	124
LKP 16-79	Intervju	Intervju	Intervju	Intervju	Intervju	Intervju	3571
LKP 16-79 (fråfall)	Register	Register	Register	Register	Register/FoB	FoB	1611
LKP 80+	Register	Register	Register	Register	Register/FoB	FoB	127

1. IFP: IF-panelet, LKP: Levekårspanelet

Nærare om bruk av register til å identifisera hushald i 2000 og 2001

Etter 1999 vart det vedteke at det ikkje lenger skulle gjennomførast noko intervju av det gamle IF-panelet, men at ein utelukkande skulle basera hushaldsopplysningane på registerdata. For årgangen 2001 er hushaldssamansetjinga som er rapportert på skjema i Folke- og bustadteljinga brukt, der vi ikkje har andre intervjuopplysningar. For år 2000 er hushaldssamansetjinga til dei som ikkje er blitt intervjua funnen ved å kombinera informasjon om intervjuobjektet frå fleire kjelder. Framgangsmåten for 2000 var å kombinera hushaldsinformasjon samla inn ved intervjuet i 1999, befolkningsopplysningar for utgangen av 2000 (familieregisteret) og FoB2001. Dersom desse tre kjeldene gav tilnærma identisk hushald, vart hushaldssamansetjinga i FoB2001 brukt også i 2000. Dersom det var avvik, vart intervjupersonen si formelle adresse og familiestatus sjekka manuelt i befolkningsregisteret og den mest sannsynlege hushaldssamansetjinga imputert basert på ei heilskapsvurdering.

Kriteriet for at hushaldet sannsynlegvis var uendra frå 1999 til 2001, var at talet på personar i hushaldet var uendra dei tre åra. For hushald som var topersonhushald både i 1999 og i 2001, men einpersonhushald i familieregister 2000, vart topersonhushaldet 2001 lagt til grunn. Dette var mest sannsynleg sambuar utan barn, som i befolkningsregisteret alltid blir registrerte som åleinebuande.

Med desse reglane, vart omlag 90% av hushalda i 2000 identifiserte maskinelt, medan vel 300 hushald vart identifiserte gjennom manuell inspeksjon.

Handtering av studentar i 2001

Hovudproblemet med å bruka FoB-hushaldet eller registeropplysningar er at vi då berre får den formelle (folkeregistrerte) hushaldet, og ikkje det faktiske hushaldet som den intervjuja personen lever og bur i. For dei fleste personar er formell og faktisk hushald identisk, men ei gruppe dette spesielt ikkje gjeld for er dei bortebuande studentane, som på denne måten som regel blir registrerte i foreldrehushaldet. Ei tilleggsundersøking til FoB2001 har kartlagt hushalda til 78 771 av dei bortebuande studentane og desse opplysningane er brukt for å justera panelet:

- Først vart dei identifiserte bortebuande studentane i FoB2001 kopla mot panelet for 2001.
- Dersom ein student er eit intervjuobjekt (den personen som er linken mellom personutvalet og hushaldsutvalet) blir hushaldsmedlemene hans (formelle) erstatta med dei som er oppgitt i tilleggsundersøkinga (faktiske).
- Dersom studenten ikkje er intervjuobjekt, blir han fjerna frå panelet (sidan studenten i dette hushaldet då berre formelt sett bur der, men faktisk sett er bortebuande student og bur i eit anna hushald).

Hovudeffekten av denne operasjonen var at ein del hushald vart reduserte frå å vera par med vaksne barn til å bli hushaldstypen par utan barn, og dessutan at det vart fleire hushald av typen unge einpersonhushald, dvs. åleinebuande studentar.

Vekting av panelfilene

Utvalet av hushald og personar som er brukt i dette inntektspanelet er ikkje utan vidare representativt for heile populasjonen og for samanlikningar mellom ulike grupper. For å få betre representativitet er utvalet justert innbyrdes ved hjelp av vektorer (oppblåsingsfaktorar) som justerer for måten utvalet er trekt på og som kontrollerer at eigenskapar ved utvalet svarer til eigenskapar i populasjonen.

Datamaterialet er basert på å trekkja tilfeldige enkeltpersonar og deretter inkludera alle personar som inngår i den trekte person sitt hushald. Når hushald skal analysert, vil dette føra til at store hushald er overrepresenterte. Dette blir justert ved å laga vektorer som er tilsvarende sannsynet kvart enkelt hushald har for bli trekt til å vera del av panelet, det såkalla inverse trekkesannsynet. Alle hushald får då ei vekt som skal representera frekvensen av hushald av same storleik i populasjonen.

Deretter blir det kontrollert for aldersfordelinga i panelet ved å kalibrera mot aldersfordelinga i den norske befolkninga. Det endelege vekta utvalet vil etter dette vera justert slik at aldersfordelinga i panelet svarer til aldersfordelinga i heile populasjonen.

4. Datakvalitet

I dette kapittelet vil vi samanlikna datamaterialet i panelet med nokre andre kjelder for å undersøka kor representativt inntektspanelet er. Tala frå inntektspanelet og frå Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald (IF) er vekta (oppblåste) tal.

Aldersfordeling 1999-2001

Tabell 4.1 viser den uvekta aldersfordelinga for intervjuobjekta (IO) i panelet 1999-2001 samanlikna med populasjonen² over busette personar i same periode. Det er godt samsvar mellom panelet og befolkninga. Det er litt fleire i aldersgruppa 50-59 år og litt færre i aldersgruppa 25-39 i panelet, men ingen av aldersgruppene viser avvik som er større enn 1 prosentpoeng.

² Merk at personar som er døde eller utvandra (avgangar) og personar som har innvandra eller fylt 16-år i løpet av perioden (tilgangar) ikkje vil vera ein del av denne populasjonen.

Tabell 4.1. Aldersfordeling for intervjuobjekta i panelet og busette personar. 1999-2001. Tal og prosent.

Alder	Inntektspanelet		Alle busette 16 år og eldre i 1999.	
	Talet på IO	Prosent	Talet på personar	Prosent
16-19	220	2,97	104 783	3,07
20-24	544	7,35	264 407	7,75
25-29	636	8,59	304 168	8,92
30-39	1 462	19,76	676 672	19,85
40-49	1 366	18,46	624 113	18,30
50-59	1 299	17,55	569 648	16,71
60-66	539	7,28	256 978	7,54
67-79	880	11,89	407 533	11,95
80+	454	6,14	201 326	5,90
Alle	7 400	100	3 409 628	100

Hushaldsfordeling 1996-2001

Tabell 4.2 og 4.3 viser det estimerte talet på hushald i panelet 1996, 1999 og 2001 samanlikna med Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald (IF) og med FoB2001. Panelet opererer med omlag 1 prosent (20 000) fleire hushald enn IF. Fordelinga etter hushaldsstorleik varierer litt, men avvika i relative tal mellom IF og panelet etter hushaldsstorleik er stort sett i underkant av 1 prosentpoeng. Sidan panelet følgjer dei same intervjuobjekta over tid, er det grunn til å tru at panelet vil gje eit betre bilete av utviklinga i talet på hushald over tid enn det IF gjer.

Tabellen viser også at FoB2001 har over 100 000 færre hushald totalt og viser relativt sett færre små hushald og fleire store hushald enn panelet. Dette heng saman med at FoB2001, som omtalt i kapittel 3, berre omfattar formelle hushald. Såleis vil ikkje hushalda til mange åleinebuande studentar og til sambuarar utan barn som ikkje har meldt flytting bli skilde ut. Kvalitetsundersøkinga av FoB2001 har vist at dette fører til at det er for få ein- og topersonhushald (særskilt sambuarar i alderen 20-29 år) i FoB, medan det er med for mange store hushald med vaksne barn (barn som reelt sett har flytta ut) (Foss 2003). Analyser basert på dei formelle hushalda i FoB-data legg altså ein noko annan hushaldsstruktur til grunn enn det analysar basert på dei faktisk hushalda i panelet eller IF gjer.

Tabell 4.2. Tal hushald etter hushaldsstorleik. 1996-2001.

	Inntektspanelet ¹			Inntekts- og formuesundersøkinga (IF) ¹			Folke- og bustadteljinga 2001
	1996	1999	2001	1996	1999	2001	
1 person	854 309	866 677	857 296	834 520	830 157	866 934	739 563
2 personar	567 915	590 391	596 323	563 035	595 204	582 330	535 247
3 personar	263 963	259 947	265 019	264 237	265 891	242 927	269 170
4 personar	236 329	238 436	238 809	244 274	240 240	248 239	266 401
Fleire enn 4 personar	126 843	132 355	137 274	125 740	132 601	139 008	151 167
I alt	2 049 359	2 087 807	2 094 720	2 031 806	2 064 092	2 079 438	1 961 548

1. Estimerte tal

Tabell 4.3. Tal hushald etter hushaldsstorleik. 1996-2001. Prosent.

	Inntektspanelet ¹			Inntekts- og formuesundersøkinga (IF) ¹			Folke- og bustadteljinga 2001
	1996	1999	2001	1996	1999	2001	
1 person	41,7	41,5	40,9	41,1	40,2	41,7	37,7
2 personar	27,7	28,3	28,5	27,7	28,8	28,0	27,3
3 personar	12,9	12,5	12,7	13,0	12,9	11,7	13,7
4 personar	11,5	11,4	11,4	12,0	11,6	11,9	13,6
Fleire enn 4 personar	6,2	6,3	6,6	6,2	6,4	6,7	7,7
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

1. Estimerte tal

Inntekt 2001

Tabell 4.4 viser estimerte summar frå inntektsrekneskap frå IF og inntektspanelet, samanlikna med tal frå den registerbasert inntektsstatistikken (IPF), som omfattar alle busette personar. Medan IF gir omlag same sum som IPF, viser panelet litt høgare tal. Avviket er likevel ikkje større enn +1,4 prosent på samla inntekt etter skatt i 2001. Tal for andre årgangar stadfestar at summen av inntekt etter skatt i panelet ligg litt høgare enn i IF: I 2000 var avviket på +1,3 prosent og i 1999 +1,7 prosent.

Tabell 4.4. Postar i inntektsrekneskapen. IF, IPF og Inntektspanelet. 2001. Sum i millionar kroner.

	IF	IPF	Inntektspanelet	Skilnad mellom Inntektspanelet og IF	
				Beløp	Prosent
Yrkesinntekt ¹	636 040,2	632 474,7	643 296,1	7,256	1,1
Kapitalinntekt ¹	43 931,4	48 822,7	46 064,2	2,133	4,9
Overføringar	184 042,3	184 025,4	187 884,2	3,842	2,1
Samla inntekt	864 013,9	865 322,7	877 244,5	13,231	1,5
Inntekt etter skatt	638 734,5	638 835,0	647 422,4	8,688	1,4

1. Næringsinntekta er ulikt postert i IF og IPF, dette fører til at yrkesinntekt og kapitalinntekt ikkje kan samanliknast direkte.

I tabellen 4.5 ser vi nærare på inntektsfordelinga i inntektspanelet. Tabellen viser fordelinga av inntekt etter skatt i panelet og IF i ulike inntektsklassar. Inntektsfordelinga er svært lik, men panelet har noko større spreiding, med litt fleire personar i begge endane av inntektsfordelinga. Høginnteksgruppa i panelet har også i gjennomsnitt litt høgare inntekter enn i IF, så dette er med på å forklara kvifor panelet gir eit høgare tal for sum inntekt etter skatt. Sjølv om panelet også opererer med eit høgare tal hushald (fleire hushald å fordela inntektene på), blir gjennomsnittsinntekta likevel noko høgare i panelet. Men skilnaden er ikkje stor: 309 000 kroner i panelet mot 307 000 kroner i IF2001.

Ein del av årsaka til avviket i nivået på inntekta kan forklarast med at det i vektinga av IF blir kalibrert mot summar frå skattelikninga, medan vektinga av panelet berre bruker aldersfordelinga (Haugen 2001).

Tabell 4.5. Inntekt etter skatt og tal hushald etter inntektsintervall. 2001. Gjennomsnitt i kroner, tal og prosent.

Intervall for inntekt etter skatt	IF ¹			Inntektspanelet ¹		
	Inntekt etter skatt	Tal hushald	Prosent	Inntekt etter skatt	Tal hushald	Prosent
Alle	307 000	2 079 438	100	309 000	2 094 720	100
- 49 999	-14 000	48 962	2	-19 000	47 632	2
50 000 - 99 999	83 000	119 868	6	83 000	143 002	7
100 000 - 199 999	148 000	560 134	27	148 000	543 988	26
200 000 - 299 999	246 000	447 835	22	245 000	430 265	21
300 000 - 399 999	351 000	339 802	16	349 000	353 297	17
400 000 - 499 999	447 000	287 111	14	448 000	287 549	14
500 000 -	686 000	275 727	13	687 000	288 987	14

1. Estimerte tal

5. Paneldata i statistikkproduksjonen

Variablane på panelfila kan grovt grupperast i to kategoriar: Demografiske variablar frå Befolknings- og utdanningsstatistikken og økonomiske variablar (ulike inntektskomponentar med meir).

Alle dei demografiske variablane er på personnivå, medan dei fleste økonomiske variablane er aggregerte til hushaldsnivå. Men sidan det i eit panel nesten alltid vil vera *individ* som er analyseininga og ikkje hushaldet (ein person kan tilhøyra ulike hushald over tid), blir dei økonomiske variablane (til dømes hushaldsinntekt) lagt ut på kvart einskild individ som inngår i panelet.

Dei fleste variablane finst for alle dei seks åra 1996-2001, men enkelte av variablane er berre tilgjengeleg for den siste årgangen (2001).

Framgangsmåten i koplinga har vore å henta variablane frå Inntekts- og formuestatistikken for hushald (IF) dersom hushalda inngår i dette datautvalet. For hushald som ikkje er med i IF har tilsvarande variabel blitt kopla på frå Inntektsstatistikken (IPF) og Sjølvmeldingsstatistikken (SA). Data er organisert slik at det ved behov vil vera muleg å kopla på fleire variablar, til dømes frå Befolkningsstatistikken, Inntektsstatistikken, Rikstrygdeverkdatabasen eller andre registerkjelder, om det skulle vera ynskjeleg.

For nærare omtale av variablane som per i dag inngår på panelfila, sjå vedlegget.

Kva panelet har blitt nytta til så langt ...

Sidan det "gamle" panelutvalet til inntekts- og formuesundersøkinga vart innlemma i den årlege inntektsundersøkinga i 1986, har det blitt gjennomført fleire analysar på dette materialet. Dei fleste analysane har fokusert på fattigdom og låginntekt, til dømes kor lenge personar er "fattige" eller kva det er som kjenneteiknar personar med meir eller mindre kronisk låge inntekter (Epland og Korbøl 1992, Aaberge, Andersen og Wennemo 1996 og 1999). I tillegg har panelet blitt nytta til å analysere inntektsmobilitet og ulikskap (Aaberge og Wennemo 1993).

Etter at panelet vart utvida ved at ein også inkluderte det nye levekårspanelet har det blitt gjort analysar der ein ser på utviklinga i låginntekt blant barn og barnefamiliar (Epland 2001; Andersen, Birkeland, Epland og Kirkeberg 2002). I tillegg var data frå panelutvalet heilt sentralt i omtalen av personar med "vedvarande" låginntekt i Regjeringa si tiltaksplan mot fattigdom (St. meld. nr. 6, 2002-2003).

Også i oppfølginga av tiltaksplanen står paneldata sentralt. Det har no blitt etablert eit sett av ulike "sosiale indikatorar" som skal publiserast kvar år. Fleire av desse indikatorane går på omfang og utvikling i kronisk eller vedvarande låginntekt (Statistisk sentralbyrå 2004). Også internasjonalt vert paneldata nytta. Eurostat har til dømes utvikla strukturelle indikatorar der ein samanliknar "risikoen"

for vedvarande låginntekt i ulike land (Eurostat 2003). Komparative norske data vil her bli utarbeidd frå panelutvalet til Inntekts- og formuesundersøkinga.

... og døme på andre analyser der paneldata kan nyttast

Som nemnt over, er det særleg med omsyn til å studera endringar at paneldata har sin store styrke. Eit område som mange av dei utanlandske panelstudiane har fokusert på er til dømes å sjå på kva samanheng det er mellom ulike "hendingar" som finn stad mellom to tidspunkt, til dømes samlivsbrot eller arbeidsløyse, og endring i hushaldsøkonomien (sjå til dømes Jarvis & Jenkins 1997 og Picot, Zyblock & Pyper 1999).

Ein annan type studiar der paneldata er veileigna er såkalla kohortanalysar, det vil seia analysar der ein følgjer personar i same aldersgrupper (generasjonar) over tid. Dette kan vera eit nyttig korrektiv til tradisjonelle tverrsnittsanalysar der ein ser på utviklinga til ulike grupper. Slike kohortanalysar vil truleg gje eit anna bilete på inntektsutviklinga til ulike grupper, til dømes pensjonistar, enn det tverrsnittsdata gjev. Det er lett å gløyma at når ein presenterer inntektsutviklinga for ulike aldersgrupper over ein tiårsperiode, så er det ikkje dei same personane som inngår i dei ulike aldersgruppene på begge tidspunkta. Det kan derfor vera feil å koma med utsegner som til dømes at "pensjonistane har hatt best inntektsutvikling siste tiåret" sjølv om tverrsnittsdata kan visa at den prosentvise auken i gjennomsnittsinntektene til dei over 66 år var sterkare i denne perioden, enn for mange andre grupper. Ved å nytta paneldata kan ein derimot følgja dei same individa (pensjonistane) over fleire år, og studera den individuelle inntektsutviklinga til desse.

Kohortanalysar basert på paneldata er trulig enda meir interessant når det gjeld å studera utviklinga av formue og gjeld. Her kan ein til dømes studera gjeldsoppbygginga til dei yngre aldersgruppene, nedbetaling av gjeld blant dei mellomaldrande og formuesoppbygginga blant dei eldste aldersgruppene.

6. Utviklinga vidare

Etterspurnaden etter longitudinelle data vil truleg vera sterkt også i dei neste åra. Dersom ein skal halda fram med å overvaka situasjonen til grupper som har stort sannsyn for å ha vedvarande låginntekt, til dømes i samband med den årlege sosiale rapporteringa til Sosialdepartementet, må panelutvalet vidareførast med nye årgangar.

I tillegg vil nye paneldatasett bli etablert. Mellom anna vil den nye inntekts- og levekårsundersøkinga som Eurostat har gått i gang med, EU-SILC, innehalda eit panelutval. Dette fører til at det eksisterande panelutvalet til Levekårsundersøkinga blir utvida frå om lag 5 000 intervjuobjekt i dag, til om lag 8 500 intervjuobjekt frå og med inntektsåret 2002. Når det om nokre år vert tilgjengeleg ein tidsserie med SILC-data, vil talet på observasjonar som kan samanliknast over tid i panelet kunna aukast tilsvarande.

Det er også i gang eit arbeid med populasjonsforvaltning i Statistisk sentralbyrå, der Bustad-adresseregisteret og Befolkningsstatikken sine opplysningar frå Folkeregisteret skal samordnast betre. Dette vil i første omgang gjera det lettare å imputera hushaldsopplysningar som manglar i panelet, grunna manglande hushaldsintervju. Eit komplett register over buhushald vil på sikt kunna gjera det overflødig å henta inn hushaldsopplysningar gjennom intervju, men då må mellom anna skiljet mellom faktisk og formell adresse bli innarbeidd i registersystemet. Dette vil igjen gjera det mogleg å etablere "det store panelet", det vil seia longitudinelle opplysningar for alle personar som er eller har vore busette i landet, og deira hushaldssituasjon.

7. Referansar

Andersen, A. S., E. Birkeland, J. Epland og M. I. Kirkeberg (2002): *Økonomi og levekår for ulike grupper trygdemottakere, 2001*, Rapporter 2002/20, Statistisk sentralbyrå.

Epland J. (2001): *Barn i husholdninger med lav inntekt: Omfang, utvikling, årsaker*. Rapporter 2001/9, Statistisk sentralbyrå.

Epland J. og L. Korbøl (1992): *Duration of Poverty in Norway in the 1980s. Some Longitudinal Results from the Norwegian Socio-Economic Panel*. Arbeidsnotat fra avdeling for personstatistikk, 1992:7, del 5, Statistisk sentralbyrå.

Eurostat (2003): *Income Poverty and Social Exclusion in the European Union. Second European Report*. Luxembourg.

Foss, A. H. (2003): *Kvaliteten av husholdningsdelen i Folke- og bolig tellingen 2001*. Notater 2003/78, Statistisk sentralbyrå.

Haugen, O. (2001): *Utrekning av vektorer til inntekts- og formuesundersøkingane 1999*. Notater 2001/66, Statistisk sentralbyrå.

Jarvis, S. & S. P. Jenkins (1997): *Marital Splits and Income Changes: Evidence for Britain*. Innocenti Occasional Papers, Economic and Social Policy Series no. 60. Firenze, Italy: UNICEF International Child Development Centre.

Picot, G., M. Zyblock & W. Pyper (1999): *Why Do Children Move Into and Out of Low Income: Changing Labour Market Conditions or Marriage and Divorce?* Research Paper Series, No. 132, Statistics Canada.

Statistisk sentralbyrå (2004): *Økonomi og levekår for ulike grupper, 2003*, Rapporter 2004/2, Statistisk sentralbyrå.

Stortingsmelding nr. 6 (2002-2003): *Tiltaksplan mot fattigdom*.

Aaberge, R., A. S. Andersen og T. Wennemo (1996): *Er årlig lavinntekt et godt mål for fattigdom? Lavinntekt i Norge 1979-1993*, Økonomiske analyser nr. 8, Statistisk sentralbyrå.

Aaberge, R., A. S. Andersen og T. Wennemo (1999): *Temporær og kronisk fattigdom i Norge. 1979-1996*, i E. Birkeland (red.) *Forskjeller i levekår*, hefte 1: Inntekt, Notater, Statistisk sentralbyrå.

Aaberge R. og T. Wennemo (1993): *Inntektsulikhet og inntektsmobilitet i Norge 1986 - 1990*, Sosiale og Økonomiske Studier nr. 82, Statistisk sentralbyrå.

Oversikt over variablar i inntektspanelet 1996-2001

The CONTENTS Procedure

Data Set Name: PAN.PANEL9601	Observations: 26643
Member Type: DATA	Variables: 418
Engine: V8	Indexes: 0
Created: 13:34 Thursday, March 4, 2004	Observation Length: 2680
Last Modified: 13:34 Thursday, March 4, 2004	Deleted Observations: 0

Variablar på personnivå (FNR):

SAS-navn	Variabelnavn	Feltbeskrivelse
----------	--------------	-----------------

Faste variablar frå Statistiske sentralbyrås befolkningsstatistikk (BESYS)

FNR	Fødselsnummer	
-----	---------------	--

KJ	Kjønn	1 = Mann 2 = Kvinne
----	-------	------------------------

Variablar frå BESYS

BOKOMMxx 1996-2001	Bustadkommune	Bustadkommune per 1. januar året etter inntektsåret 19xx.
-----------------------	---------------	---

ALDxx 1996-2001	Alder	Fylte år ved utgangen av inntektsåret 19xx.
--------------------	-------	---

FLANDxx 1996-2001	Fødeland	Sjå eiga kodeliste hjå Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.
----------------------	----------	--

REGxx 1996-2001	Landbakgrunn - verdensregion-inndeling	0 = Noreg 1 = Norden 2 = Vest-Europa unntatt Tyrkia 3 = Aust-Europa 4 = Nord-Amerika og Oceania 5 = Asia, Afrika, Mellom- og Sør-Amerika eller Tyrkia Blank = ikkje kategorisert
--------------------	--	--

IKATxx 1996-2001	Innvandringskategori	A = Utan innvandringsbakgrunn B = Førstegenerasjonsinnvandrar utan norsk bakgrunn C = Andregenerasjonsinnvandrar D = Utanlandsadoptert E = Utanlandsfødd med éin norsk forelder F = Norskfødd med éin utanlandsfødt forelder G = Fødd i utlandet av norskfødde foreldre Blank = Ikkje kategorisert
---------------------	----------------------	---

SIVxx 1996-2001	Sivilstand	Sivilstand pr. 1. januar året etter inntektsåret 19xx 1 = ugift 2 = gift
--------------------	------------	--

3 = enke/enkemann
 4 = skilt
 5 = separert
 6 = registrert partner
 7 = separert partner
 8 = skilt partner
 9 = gjenlevande partner
 Blank = ikkje registrert med kode

Variablar frå Statistisk sentralbyrås utdanningsstatistikk

UTDxx	Utdanningsnivå/ fagfelt	1. siffer:
		0 = Inga utdanning og førskoleutdanning
1996-1997	Skal vera omkoda gamal utd-kode til NUS2000, men OBS er ikkje konsistent!	1 = Barneskoleutdanning
		2 = Ungdomsskoleutdanning
		3 = Vidaregåande, grunnutdanning
		4 = Vidaregåande, avsluttande utdanning
		5 = Påbygging til vidaregåande utdanning
1998-2001	(NUS2000)	6 = Universitets- og høgskoleutdanning, lågare nivå
		7 = Universitets- og høgskoleutdanning, høgare nivå
		8 = Forskarutdanning
		9 = Ikkje spesifisert
		2. siffer:
		0 = Allmenne fag
		1 = Humanistiske og estetiske fag
		2 = Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk
		3 = Samfunnsfag og juridiske fag
		4 = Økonomiske og administrative fag
		5 = Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag
		6 = Helse-, sosial- og idrettsfag
		7 = Primærnæringsfag
		8 = Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag
		9 = Ikkje spesifisert fagfelt

Variablar frå Rikstrygdeverket

PSTATxx	Pensjonsstatus	100 - 199 = Alderspensionistar
1996-2001		200 - 299 = Uføretrygda
		300 = Etterletne
		pstat<100 eller pstat>300 = Andre

Variablar på personnivå frå andre kjelder

PKxx	Personkode	1 = Hovudperson
1996-2001	(Likningsregisteret)	2 = Biperson (hustru i ektepar)
		3 = Barn
		Blank = ikkje på likningsregisteret (ved seinare kopling)
LONNxx	Lønnsinntekt	Sum av postar frå sjølvmeldinga
1996-2001	(person)	2.1.6 Kontantlønn
		(Lønn, honorar, sjukepengar, dagpengar osv.)

2.1.7 Dagpengar til sjølvstendig næringsdrivande
 2.4.1 Barns lønnsinntekt.
 Beløpet er i kroner

NARINGxx Netto næringsinntekt
 1996-2001 (person)

SOSGxx Sosioøkonomisk status
 1996-2001 (avleia variabel) 01 = Sjølvstendige i primærnæringane
 02 = Sjølvstendige i andre næringar
 03 = Tilsette
 04 = Pensjonistar og trygda
 05 = Andre

Variablar frå Folke- og boligtellingen 2001, (berre for 2001)

ANT_AF_SUM_ANT_AF Tal arbeidsforhold dette året
 ANT_AKTI_SUM_ANT_AKTI Tal aktive arbeidsforhold dette året
 ARBAAR_ARBTIDGRUPPERT Gruppert arbeidstid i året
 ARBAAR_TIMERSUM_AAR Tal timar i året, alle arbeidsforhold

Andre variablar på personnivå for inntektsåret 2001

LANDBAK Landbakgrunn Sjø eiga kodeliste hjå Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

INNVGR Forenkla innvandringsgrunn /flyktning 7 = Flyktning

LANGT_SYK Langtidssjuk pr. 30.11.2001? J = Ja, langtidssjuk pr. 30.11.2001
 N = Nei, ikkje langtidssjuk pr. 30.11.2001

SOSHJ06 Sosialhjelp i 6 mnd. i løpet av 2001 Ja = Mottatt sosialhjelp
 Nei = Ikkje mottatt sosialhjelp

SOSHJ36 Sosialhjelp samanhengande i 36 mnd. (1999-2001) og sosialhjelp er viktigaste inntektskjelde i denne perioden.
 Ja = Mottatt sosialhjelp
 Nei = Ikkje mottatt sosialhjelp

SOSHJ36B Sosialhjelp samanhengande i 36 md. (1999-2001)
 Ja = Mottatt sosialhjelp
 Nei = Ikkje mottatt sosialhjelp

LANGLEDIG Registrert arbeidsledig meir enn 6 mnd. i 2001? Ja = registrert ledig
 Nei = ikkje registrert ledig

AFP Avtalefesta pensjon? 1 = Offentleg AFP-ordning
 2 = Privat AFP-ordning
 0 = Ikkje AFP-pensjonist

Variablar på hushaldsnivå (HUSNR):

Hovudpostar i inntektsrekneskapen - avleia inntektsvariablar

WYRKINNTxx 1996-2001	Yrkesinntekter	Lønn (LONN) - Dagpengar ved arbeidsløyse utbetalt frå trygdekontoret (KODE147) + Netto næringsinntekt (NAERING). Beløpet er i kroner.
WLONNxx 1996-2001	Lønnsinntekt	
WKAPINNTxx 1996-2001	Kapitalinntekter	Brutto renteinntekt (RENTINNT) + Aksjeutbytte (AKSJE) + Realisasjonsgevinst (GEVINST) - Realisasjonstap (TAP) + Andre kapitalinntekter (ANDREKAP). Beløpet er i kroner.
WSKPLOVFxx 1996-2001	Skattepliktige overføringar	Yteingar frå folketrygden (FTRYGD) + Tenestepensjon (TJENPEN) + Post 2.1.7 Dagpengar under arbeidsløyse utbetalt til sjølvstendig næringsdrivande (SA217) + Dagpengar ved arbeidsløyse utbetalt frå trygdekontoret (KODE147) + Mottatte bidrag, livrenter utanfor arbeidsforhold, barnpensjon mm. (BIDRAG). Beløpet er i kroner.
WSKFROVFxx 1996-2001	Skattefrie overføringar	Beregna barnetrygd (BARNTRYG) + Bostøtte (BOSTOTTE) + Kompensasjonstillegg (KOMP) + Studiestipend (STIPEND) + Forsørgerfrådrag (FORSFRAD) + Sosiale bidrag (SOS_BIDR) + Sosiale lån (SOS_LAAN) + Grunnstønad (GRUNN) + Hjelpstønad (HJELP) + Kontantstøtte (KONTS) + Eingangsstønad ved fødsel (ENGANG) + Skattefrie stønad til barnetilsyn (KODE245) + Skattefrie utbetalingar (KODE916) Beløpet er i kroner.
WSAMINNTxx 1996-2001	Samla inntekt	Yrkesinntekter (WYRKINNT) + Kapitalinntekter (WKAPINNT) + Skattepliktige overføringar (WSKPLOVF) + Skattefrie overføringar (WSKFROVF). Beløpet er i kroner.
WSKATOVFxx 1996-2001	Sum utlikna skatt og negative overføringar	Sum utlikna skatt og avgifter (UTLSKATT) + Forsørgerfrådrag (FORSFRAD) + Negative overføringar (NEGOVERF). Beløpet er i kroner.
WIESxx 1996-2001	Inntekt etter skatt	Samla inntekt (WSAMINNT) - Sum utlikna skatt og negative overføringar (WSKATOVF). Beløpet er i kroner.
WRENTBOLxx 1996-2001	Renteutgifter og boliginntekter	Gjeldsrenter (RENTGJEL) + Del av boligselskapsutgifter (BORETTL) - Inntekt av boligeigedom (BOLIGINN). Beløpet er i kroner.
WIESRENBxx 1996-2001	Inntekt etter skatt og renteutgifter/ boliginntekt	Inntekt etter skatt (WIES) - Renteutgifter og boliginntekter (WRENTBOL). Beløpet er i kroner.

ANDREKAPxx Andre kapital-
1996-2001 inntekter Frå IF-fila

Variablar frå Statistisk sentralbyrås sjølvmeldingsstatistikk

RENTUTxx 1996-2001	Renteutgifter	
FORSFRADxx 1996-2000	Forsørgerfrådrag	
OVERFORxx 1996-2001	Overføringar i alt	
ANDOVFxx 1996-2001	Andre overføringer	
RENTINNTxx 1996-2001	Brutto renteinntekt	Post 3.1.1 Renteinntekter av innanlandske bankinnskot + 3.1.2 Renteinntekter av uteståande fordringar, gjeldsbrev o.l. Beløpet er i kroner.
AKSJExx 1996-2001	Aksjeutbytte	Post 3.1.4 Aksjeutbytte som gir rett til godtgjersle + Post 3.1.7 Aksjeutbytte frå utanlandske selskap. Beløpet er i kroner.
GEVINSTxx 1996-2001	Realisasjonsgevinst	Post 2.8.5 Skattepliktig gevinst ved sal av bolig, tomt og anna fast eigedom + Post 3.1.5 Skattepliktig gevinst ved sal av norske og utanlandske aksjar, delar i verdipapirfond mm. Beløpet er i kroner.
TAPxx 1996-2001	Realisasjonstap	Post 3.3.6 Tap ved sal av bolig, tomt og annan fast eigedom som gir rett til frådrag, + Post 3.3.8 Tap ved sal av norske og utanlandske aksjar, delar i verdipapirfond mm. som gir rett til frådrag. Beløpet er kroner.
FTRYGxx 1996-2001	Ytingar frå folke-trygda	Post 2.2.1 Alderspensjon, uførepensjon, attføringspengar, etterletnepensjon, overgangsstonad og eigen barnpensjon frå folkestrygda + Post 2.2.4 Ektefelletillegg + Post 2.3.1 Eventuelt ektefelles pensjonar frå folkestrygda + Post 2.6.4 Mottatt barnpensjon til barn som er 16 år eller yngre Beløpet er i kroner.
TJENPENxx 1996-2001	Tenestepensjon	Post 2.2.2 Eigne pensjonar frå andre enn folkestrygda, t.d. føderåd i jord- og skogbruk, eiga pensjonsforsikring og tenestepensjon inkl. etterbetaling + Post 2.3.2 Eventuelt ektefelles pensjonar frå andre enn folkestrygda. Beløpet er i kroner.
BIDRAGxx 1996-2001	Bidrag, livrenter m.m.	Post 2.6.5 Mottatte bidrag, livrenter utanfor arbeidsforhold, barnpensjon mm. + Post 2.6.4 Mottatt barnpensjon til barn som er 16 år eller yngre. Beløpet er i kroner.

NEGOVERFxx 1996-2001	Negative over- føringar	Post 3.2.12 Premie og tilskot til privat og offentlig pensjonsordning i arbeidsforhold + Post 3.3.3 Pliktig underhaldsbidrag, føderådsytingar utanfor jord- og skogbruk o.l. Beløpet er i kroner.
BOLIGINNxx 2000-2001	Inntekt av bolig- eigedom	Post 2.8.1 Inntekt av prosentlikna boligeigedom + Post 2.8.2 Inntekt av prosentlikna fritidseigedom + Post 2.8.3 Deleigar sin del av inntekter i boligselskap. Beløpet er i kroner.
BOLIGINNxx 1996-1999	Boliginntekter	
BRUTxx 2000-2001	Bruttoinntekt	Post 3.1.10 Sum skattepliktige inntekter i den personlege sjølvmeldinga. Beløpet er i kroner.
BRUTxx 1996-1999	3.1.10 Sum inntekter	Post 3.1.10 Sum skattepliktige inntekter i den personlege sjølvmeldinga. Beløpet er i kroner.
BRFINxx 1996-2001	Brutto finanskapital	
GJELDxx 1996-2001	Gjeld	

Variablar frå Rikstrygdeverket

GRUNNxx 1996-2001	Grunnstønad	Grunnstønaden skal dekkja visse varige og nødvendige sjukdomsutgifter som ikkje blir dekkja av det offentlege på vanleg måte. Beløpet er i kroner.
GRUNNHJxx 1996-2001	Grunn- og hjelpe- stønad	Grunnstønaden skal dekkja visse varige og nødvendige sjukdomsutgifter som ikkje blir dekkja av det offentlege på vanleg måte. Hjelpstønaden skal dekkja utgifter til personar som treng særskilt tilsyn eller pleie i huset. Beløpet er i kroner.
KONTSxx 1998-2001	Kontantstøtte	Kontantstøtta vart innført 1. august 1998. Denne ytinga blir gjeven til foreldre med barn som har fylt eitt år, og der barnet ikkje har heiltidsplass i ein barnehage med statleg driftstilskot. Stønaden blir avkorta etter kor mange timar barnet er i ein slik barnehage. Beløpet er i kroner.
ENGANGxx 1996-2001	Eingangsstønad ved fødsel	Eingangsstønad ved fødsel er ei yting som blir gjeven til mødrer som ikkje har vore yrkesaktive før fødselen, og som dermed ikkje har rett til fødsels- pengar. Beløpet er i kroner.
BARNTRYGxx 1996-2001	Barnetrygd	Estimert til og med 1998, register 1999-2001. Beløpet omfattar også småbarnstillegg og ekstra barnetrygd og småbarnstillegg for personar som bur i Nord-Troms og Finnmark.

Variablar frå Statens lånekasse for utdanning

STIPENDxx 1996-2001	Utbetalt stipend	Utbetalt studiestipend i løpet av året. Beløpet er i kroner.
LAANxx 1996-2001	Utbetalt studielån	Utbetalt studielån i løpet av året. Beløpet er i kroner.

Variablar frå Husbankens bostøtteregister

BOSTOTTxx 1996-2001	Bostøtte	Kommunal- og administrasjonsdepartementets bostøtteordning. Beløpet er i kroner.
------------------------	----------	--

Variablar sosialhjelpsstatistikken

SOSIALxx 1996-2001	Sosiale bidrag og lån	Summen av sosiale bidrag og sosiale lån utbetalt frå den kommunale sosialtenesta i løpet av året.
-----------------------	-----------------------	---

Avleia kjennemerke ved hushaldet

HUSNRxx 1996-2001	Hushaldsnummer	
IOxx 1996-2001	IO-kode	X = Intervjuobjektet (IO) i hushaldet Y = Ikkje intervjuobjekt
FRAXx 1996-2001	Svar-fråfall	1=Oppnådd intervju 2=Fråfall (Frå og med 2000 gjeld dette berre for levekårspanelet).
UTVxx 1996-2001	Utvalskode	Viser kva delutval hushaldet er med i år 19xx
HTxx 1996-2001	Hushaldstype 2	1 = Åleinebuande under 45 år 2 = Åleinebuande 45-64 år 3 = Åleinebuande 65 år eller eldre 4 = Par utan barn, eldste person under 45 år 5 = Par utan barn, eldste person 45-64 år 6 = Par utan barn, eldste person 65 år eller eldre 7 = Par m/barn, yngste barn 0-6 år 8 = Par m/barn, yngste barn 7-17 år 9 = Par m/barn, yngste barn 18 år eller eldre 10 = Mor med barn 0-17 år 11 = Far med barn 0-17 år 12 = Mor/far med vaksne barn 18 år eller eldre 13 = Fleirfamiliehusald av einslege 14 = Fleirfamiliehusald utan barn 15 = Fleirfamiliehusald med barn 0-17 år
A_I_Hxx 1996-2001	Tal personar i hushaldet	
ANTPxx 1996-2001	Tal personar over 15 år i hushaldet	
A_B_U14_xx 1996-2001	Tal barn 0-13 år i hushaldet	

A_B_U18_xx 1996-2001	Tal barn 0-17 år i hushaldet	
YNGSTE_BARNxx 1996-2001	Yngste barns alder i hushaldet	
A_YRKxx 1996-2001	Tal yrkes- tilknytte i hushaldet	Ein person er yrkestilknytt dersom yrkesinntekta er større eller lik minsteytinga i folketrygda til alders- og uførepensjonistar (1G + minstebeløpet), og større eller lik pensjonen på sjølvmeldinga.
FORBxx 1996-2001	Tal forbruks- einingar i hushaldet	Forbrukseiningar som justerer for stordriftsfordeler etter OECD-skalaen: Første vaksne har vekt = 1.0 Neste vaksne har vekt = 0.7 Barn under 17 år har vekt = 0.5

Oppblåsingsfaktor

VEKTxx 1996-2001	Hushaldsvekt	Oppblåsingsfaktor kalibrert på alder 5 desimalar.
---------------------	--------------	---

Variablar frå diverse registre

ARBLEDxx 1996-2001	Arbeidsløysetrygd	Summen av Kode 147 LTO og SA 2.1.7
-----------------------	-------------------	------------------------------------


Variablar frå lønssumstatistikken


OVERGxx 1996-2001	Overgangsstønad frå folketrygda	LTO kode 224
ALDPxx 1996-2001	Alderspensjon frå folketrygda	LTO kode 217
UFORPxx 1996-2001	Uførepensjon frå folketrygda	LTO kode 218

Variablar frå Folke- og boligtellingen 2001, (berre for 2001)

ANTROM	Talet på rom i boligen, retta, brukt i publiseringa	
BYGNINGSTYP2	Bygningstype omkoda	
SP12	Eige eller leigeforhold	
SP17_ROM	Talet på rom med badekar eller dusj	
SP18_1	Areal, intervall	
INST_B	Institusjonsbebuar? J = Ja, institusjonsbebuar N = Nei, ikkje institusjonsbebuar	
ANT_HELTID_DEF1	Tal heiltidssyssselsette (def1 =1300 timer eller meir)	
ANT_HELTID_DEF2	Tal heiltidssyssselsette (def2 = 1800 timer eller meir)	
ANT_DELTID_DEF1	Tal deltidssyssselsette (def1 = 1-1299 timer)	
ANT_DELTID_DEF2	Tal deltidssyssselsette (def2 = 1-1799 timer)	


Påkopling av variable fra IPF, SA og FoB2001





Panelårgang 2000

Etablering av hushald panelårgang 2000



De sist utgitte publikasjonene i serien Notater

- 2004/27 A. Holmøy: Undersøkelse om Livsløp, aldring og generasjoner (LAG) blant personer fra 80 år og oppover. Dokumentasjonsrapport. 182s. videregående opplæring. Publisering av 2002-tallene. 197s.
- 2004/28 A. Holmøy: Omnibusundersøkelsen januar/februar 2004. Dokumentasjonsrapport. 37s.
- 2004/29 D.Q. Pham: Sesongjustering for boligprisindeksen. 28s.
- 2004/30 D.Q. Pham: Sesongjustering prisindeks for kontor- og forretningseiendommer. 14s.
- 2004/31 M.T. Dzamarija og T. Kalve: Barn og unge med innvandrerbakgrunn. 98s.
- 2004/32 T. Gulbrandsen og B.O. Lagerstrøm Undersøkelse om dommeravhør og observasjoner av barn i seksuallovbruddsaker. 85s.
- 2004/33 I. Johansen: Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar, januar. 45s.
- 2004/34 P. Drevland: Offentlig forvaltning i historisk nasjonalregnskap, beregninger for 1949-1969. 17s.
- 2004/35 E.S. Bjørkli, K. L. Hansen, G. M. Pilskog, T.K. Schjerven og T. Smith: Fristilling og konkurranseutsetting i KOSTRA– bedring av sammenlignbarheten i nøkkeltallene. 104s.
- 2004/36 A. H. Foss og L. Taule: Museumsstatistikken. En gjennomgang av definisjoner, kvalitet og populasjon. 26s.
- 2004/37 T. E. Haug og T. A. Johnsen: Datagrunnlag for en regional nordisk kraftmarkedsmodell. Produksjonsanlegg, overføringsnett, kraftteterspørsel og -priser. 15s.
- 2004/38 A. Bruvoll og Ø. Skullerud: Framskrivninger av organisk avfall for 2001-2002. 14s.
- 2004/39 S.K.Boateng og S. Ferstad: Dokumentasjonsnotat for FylkesKOSTRA
- 2004/40 A. Finstad, K. Flugsrud, L. Høgset og G. Haakonsen Energiforbruk utenom elektrisitet i norske kommuner - en gjennomgang av datakvalitet. 31s.
- 2004/41 K. Løyland og T.O. Thoresen: En undersøkelse av den registrerte dagmammavirksomheten. 130s.
- 2004/42 T. Nygård: Kvalitetsarbeid knyttet til kvartalsvis nasjonalregnskap (KNR) Rapport fra prosjektgruppen . 130s.
- 2004/43 E. Engelién, G. Haakonsen og M. Steinnes: Støyplage i Norge. Resultater fra første generasjonsmodell for beregning av antall støyutsatte og SPI. 109s.
- 2004/44 E. Wedde: Mediebruksundersøkelsen 2003. Dokumentasjonsrapport. 32s.
- 2004/45 A.S. Abrahamsen og D. Rafat: Analyser av populasjonen i UT- prosjektet - ikke-finansielle foretak. 80s.
- 2004/46 O. Villund: Yrke i sysselsetningsstatistikken. 41s.
- 2004/47 G. Daugstad og L. Østby: Datagrunnlag for storbyutvikling. Forstudie av datagrunnlag om storbyutvikling, med særlig vekt på sosioøkonomisk og demografisk informasjon. 70s.
- 2004/48 E. Wedde, A. Holmøy, S. Skaare og O. Villund: Undersøkelse om "Utbrenthet i enkelte yrker". Dokumentasjonsrapport. 62s.
- 2004/49 H.C. Hougen: Samordnet levekårsundersøkelse 2003-tverrsnittundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport. 83s.
- 2004/50 D.Einar Sommervoll: Slutt på billigere boliger i Oslo? OBOS-leiligheters prisutvikling 1991-2002. 25s. ISSN 0806-3745